

Vestnesbønder har investert millionar

Landbruket er av dei største næringane i Vestnes kommune, med 101 årsverk knytt til direkte produksjon. Dei siste åra har fleire, og gjerne yngre bønder, satsa stort med nye driftsbygningar.

BB - EDMUND MELKILD

Mange i landbruket oppfatar bondenæringa like mykje som ein livsstil som yrke. Anders Skavnes, styreleiar i Vestnes bondelag, seier dei opplever brukbar rekruttering til næringa i kommunen. Men han vil ikkje gi æren for det til landbruksmyndigheitene. - Frå departementets side blir det lagt opp på ein måte som gjer at ein nesten må arbeide seg i hjel for å kunne leve av det. Landbrukspolitikken blir basert på store bruk som i praksis er vanskeleg å få til her på Vestlandet. På tross av det ser vi heldigvis at enkelte er villige til å satse i næringa, seier Skavnes til Bygdebladet.

Satsa millionar

Det er ikkje få millionar som er blitt satsa på landbruket i Vestnes siste åra. På Daugstad og i Tresfjord har fleire bønder med mjølkeproduksjon bygd nytt eller bygd om eksisterande driftsbygningar. I Fiksdal er det nyleg bygd to driftsbygningar basert på sauedrift. På Rekdalssetra har det dei siste åra vore seterdrift med geiter, nytt geitefjøs og utmarksbeite.

Ringverknader

Landbruket i Vestnes har store



Ordførar Geir Inge Lien (tv) var på plass under bondeaksjonen på Vestnes tirsdag ettermiddag. Her saman med bondelagsleiar Andres Skavnes og mjølkebonde Helge Hoem.

ringverknader på næringslivet elles, også lokalt. Tines meieri i Tresfjord har 21 tilsette. Møre og Romsdal kornsilo på Skorge-neset har 20 årsverk. I tillegg er Kløverkjøtt på Vestnes ei av dei store kjøttforedlingsprodusentane i fylket.

Effektivisert

- Det er ei styrke for landbruket

i Vestnes at yngre er villige til å satse, men då må det vere ein politikk som legg til rette for det. Blir bruka for store, går dagane vekk til å køyre ut møkk eller hente rundballar. Avstandane blir for store. Landbruket er ikkje som andre næringar der det berre er å bygge ein større fabrikk. Det avgrensar seg sjølv. Det er ikkje mange andre næringar som har

effektivisert og omstilt seg som landbruksnæringa. Det må legast opp etter dei foresetnadane vi har for å drive, seier Skavnes.

Modernisering på Gjermundnes

Bondelagsleiaren er også utålmodig med tanke på det som skal skje på Gjermundnes vgs. - Her må fylkeskommunen snart

komme i gang med den planlagte moderniseringa. No er det på høg tid dei får ein moderne fjøs der også. Vi kan ikkje drive landbruksopplæring med gamle og utrangerte fasilitetar frå tidleg 70-tal, seier Skavnes.

Vestnesbøndene aksjonerte



Vestnesbønder samla til aksjon med kaffikos og pølsegrilling. Bak frå venstre Ole Thomas Sæther, Anette Øveraas, Jessica Kuipers, Torhill Sellereite, Søren Johan Øveraas, Erlend Sellereite og Jørn Sætre. Framme frå venstre Wietze Kuipers, Helge Hoem, Kristian Bergheim og Anders Skavnes.

- Landbruks- og matminister John Georg Dahle er liberalist, og vi likar ikkje den liberalistiske politikken, seier bondelagsleiar Anders Skavnes i Vestnes.

Tirsdag ettermiddag aksjonerte bondene i Vestnes med å tenne

bål på Katholmen. Mellom 40 og 50 bønder var der, både unge og veteranar i næringa. Også den framtidige generasjonen av bønder var godt representerte. Det vart kokt bålkaffi og grilla pølser, og stemninga var god. Med ein heil palle ved var ein sikra å halde liv i bålet i fleire timar om ein ville. - Det handlar om å få vise oss

fram og formidla budskapet vår. Heile kommunen er representert, og vi er godt fornøgde med oppslutninga. Ministeren er nok ein dyktig politiker, men dei aller fleste i bondelaget er usamde i politikken som blir drive. Vi er klart i mot liberaliseringa det blir lagt opp til, seier Skavnes som sjølv driv med mjølkeproduksjon.

Nokre fakta om landbruket i Vestnes

- 101 årsverk knytt direkte til landbruksproduksjon.
- 97 gardsbruk i drift i 2015.
- gjennomsnittleg 186 dekar dyrkamark på kvart bruk.
- 800 mjølkekyr.
- 5,7 millionar liter mjølk frå 24 mjølkebruk.
- 1.800 ammekyr/anna storfe.
- 5.300 sau og lam.
- 203.000 kilo storfekjøtt.
- 44.000 kilo sauekjøtt.
- 230.000 kilo svinekjøtt.
- Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket til 7.500 personar.
- Matproduksjon og råvarer frå jordbruket i Vestnes har ei årleg salsomsetning på 98 mill. kroner.



Her finn vi kanskje framtidige bønder i Vestnes. Frå venstre Leo Ringsby, Lotte Kuipers, Thomas Ringsby, Thor Ole Ringsby, David Ringsby, Suzanne Misund og Tobias Ringsby.